




KYRKJETILADET

ORGAN FOR KYRKJELYDANE I HYLLESTAD

Nr 2

2017

68. årgang

Ein skatt i himmelen

Då såg Jesus på han og fekk han kjær. Og han sa: «Ein ting manglar du: Gå bort og sel alt du eig og gjev det til dei fattige; då skal du få ein skatt i himmelen. Kom så og følg meg!». Då han høyrde dette, for det ein skugge over andletet hans, og han gjekk sorgtung bort, for han eigde mykje». (Mark.10, 21-22)

Jesus møtte mange ulike menneske på si vandring her. Den eine var ein ung, rik mann, som det vart fortalt om i ein av søndagstekstane denne sommaren (Mark.10,17-27). Sommartid er treeiningstid (tida etter pinse), og då er det ofte slike møte vi får høyre om. Den rike, unge mannen ville gjerne høyre korleis han kunne arve evig liv. Her på jorda hadde han nok sikkert arva mykje; han eigde mykje og hadde truleg og vore ein flink arbeidskar. Boda hadde han også helde godt, så det stod at «Jesus fekk han kjær», han tykte om denne fine karen, som vi sikkert og ville gjeve gode skussmål. I dag hadde det sikkert stått fine avisoppslag om han. Jesus kalla han til å følgje seg, og det ville nok også denne mannen, men det var noko som heldt han att. Det var rikdommen, og Jesus sitt krav om å setje han føre alt han eigde. Jesus traff det ømme punktet hos mannen; det som heldt

han att til å bli ein Jesu etterfølgjar, og det står at «han gjekk sorgtung bort, for han eigde mykje». Jesus let han gå, for han tvingar ingen. Samstundes er denne teksten ei påminning om at «det gode kan bli det beste sin fiende». Jesus ynskjer å vere førstevallet hos dei som vil tilhøyre han! Han krev alt, men han gjev også alt: Han gjev tilgjeving der vi ikkje maktar alt sjølv, han gjev ein skatt som inneheld større rikdomar enn vi kan få her; ein himmelsk skatt som varer i all æve. Det er mange namn på Jesus, eit av dei er SKATTEN, den gode skatten (2. Tim.1.14). «han har gjort ende på døden og ført udøyeleg liv fram i lyset ved evangeliet» (2. Tim. 1, 10b). Jesus oppfylte alle krav mot oss, då han døydde for oss på krossen». Det er den gode skatten vi har å forvalte som kyrkje. For å leve i den har vi fått det som før vart kalla dei 4 b-ane: **Bibelen**, (å lese i den) **Brodersamfunnet** (kyrkja, gudstenesta, forsamlinga) **Brødsbrytinga** (nattverden) og **Bøna** (for oss sjølve og saman med andre.) «Kva skal eg gjere så eg kan arve evig liv? « spurde den rike, unge mannen. Bibelen sitt svar er at ein i grunn ikkje skal gjere noko sjølv, men ta imot med tomme hender den nåden Gud har gjeve oss i Jesus Kristus; vi

skal tru på Han Gud har sendt. Då ser vi at det er mykje vi kan gjere for han. Vi kan dele rikdomen vår, evnene våre, og alt vi har fått, for dei er det Gud som har gjeve oss. Kva kunne den rike, unge mannen blitt, dersom han hadde teke Jesus sine ord på alvor? Kanskje slik som Frans av Assisi (1182), som og vart svært rik, men som fekk livet sitt endra i møtet med liding og naud. Han grunnla fransiskanarordenen som har vore til stor velsigning for millionvis av menneske. Ein skal ikkje tape på å gje seg over til Kristus. Vi kan og få tene han med våre midlar. Ei viktig påminning for oss som lever i ei tid med mykje rikdom, der vi har lett for å gløyme det viktigaste. Denne songen seier litt om kva som betyr noko i æveperspektiv:

*Jeg vil beller ba Jesus enn
perler og gull,
Heller ham enn de skatter
som smuldrer i muld.
Jeg vil beller ba Jesus enn
riker og land,
Heller ledes hver dag av en
naglemerkt hand.
Enn ba kongemakt og en
fyrstes prakt,
Men i lenker være lagt.
Jeg vil beller ba Jesus enn
bva som belst
Meg verden kan by i dag
(Rhea F. Miller)*

Audun Systad



Kyrkjelydstur frå Balestrand 1. pinsedag

På mange måtar er vel pinsehelga ei mindre høgtid i kyrkja når det gjeld oppslutning enn jul og påske. Det er ei utfartstid. Dette kan utnyttast positivt. Det skjedde her i år, då kyrkjelyden i Hyllestad fekk besøk frå Balestrand kyrkjelyd. Saman vart vi ein fin flokk i kyrkja, Kjetil Netland, prost i Sogn og sokneprest i Balestrand, heldt talen. Han snakka om det underet som skjer når alt spirer og gror, og at det er ein Gud som står bak, som og har skapt alle naturlovene, og ønskjer å komme til oss med si velsigning. Læresveinane fekk Den Heilage Ande, og vart

utsend med ein bodskap om Jesus ; Frelsaren, like til jorda sine endar.

Balestrand songlag med dirigent Bjørg Bjøberg song vakkert til oss «Det stig av hav, eit alveland» og «Halleluja», (*Leonard Cohen*).

Jostein Ryland orienterte om ombygginga av Hyllestad kyrkje, under ein god kyrkjekaffi, som lokale krefter stelte istand.

Leiar i Balestrand sokneråd, Helge Ulvestad, ønskte Hyllestad kyrkjelyd velkommen til ein liknande tur til Balestrand neste år . Flott om det kan lukkast!

Sjølv om pinsedagen bar med

seg nokre dråpar regn, vart det ei innhaldsrik omvising i Kvernsteinsparken ved Franziska Rüttimann. Gode tilbakemeldingar! Etterpå smakte betasuppa til Reidun Fleten fortreffeleg i Storelia. Der var det varmt og godt! Dagen vart avslutta med eit besøk heime i Sørbøvåg hos Kari og Audun, til glede for begge partar! 16 års teneste i Balestrand har sett spor. Veldig kjekt å kunne få besøk, og gjerne sjå fram til ein gjenvissitt neste år!

AS



Bøn – Song – Samtale

Den som får med seg «Det skjer» på onsdagar for Hyllestad, kan ikkje unngå å ha lese om dette faste tiltaket som er der veke etter veke. Ser ein i årsrapporten for Hyllestad sokneråd, står det å lese at soknerådet har ansvar. For å få vite litt meir om dette, har vi intervjuet tre av dei som går der fast.

Det er Anfrid Misje Åsmul, Åshild Akse og Jørn Lund. Anfrid og Åshild bur i Hyllestad og har lenge vore med i kyrkjelyden her. Jørn bur på Lavikdalen. Han kom dit for nokre år sidan, kjem opphavleg frå Nittedal, og har vore med ein del i frikyrkjeleg samanheng. Det er han som har med gitaren, og har ansvar for den musikalske sida på samlingane.

Kvifor samlast ein?

Anfrid fortel at det heile tok til i mai 2016, etter oppmoding frå einskildpersonar i kyrkjelyden. Vi er samde om å samlast kvar onsdag kl.20:00. Grunnlaget for bøn er trua på ein personleg Gud, som elsker oss menneske og ynskjer å kommunisere med oss, seier Åshild. Som kristen ser eg på bøna både som eit privilegium og ei oppgåve. Bibelen seier:» Dersom to av dykk her på jorda vert einige om å be om noko, kva det enn er, skal de få det av min Far i himmelen. For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt i mellom dykk». Matteus 18,19-20.

Jørn har gjort seg nokre tankar, og vi siterer han på morsmålet: Som kristne kan man stille seg spørsmålene: Hvorfor skal man bruke tid og energi på å be? Og hvorfor skal kristne komme sammen for å be, hvorfor ikke bare be hjemme? Det står i

bibelen at Gud er allmektig, hvorfor skal vi bry oss om å be?

Gud ER allmektig.. det er bare å se på naturen rundt oss, universet som holdes sammen av vanvittige krefter, men se også på hvordan vi er skrudd sammen så ser vi at det er ingen tilfeldighet at vi fungerer! Vi har ikke "vunnet full pott i Lotto" milliarder på milliarder av ganger etter hverandre, år etter år, i 3,6 milliarder år eller hva evolusjonistene og mange vitenskapsfolk regner med det er siden liv ble til av seg selv på jorda.

Nei Gud har nøye planlagt og skapt alt liv fiks ferdig men han har også gjort seg avhengig av vår bønn for å gjøre noe.

Anfrid legg til: Jesus bad svært mykje, fordi han trong det. Vi treng det og. Vi har det ofte så travelt i kvardagen at bøna ofte vert forsømt, difor er det godt med slike faste samlingar.

Kva gjer ein?

Vi synger noen få sanger i starten, snakker om ting og saker som vi har på hjertet, ber sammen, men alt er i frihet og uten krav, seier Jørn.

Vi ber for kommunen vår, og for menneske i leiande posisjonar her og i resten av Norge. Vi ber også for personar som har det vanskeleg på ulike måtar og for utfordrande situasjonar, held Åshild fram. Vi snakkar om det som ligg oss på hjarta å be om, seier Anfrid: Kyrkjelydsarbeidet, barne- og ungdomsarbeidet, soknerådet, presten vår, kva skjer i kyrkja framover, bygdene våre, gamle og sjuke, land og folk, storting og regjering, kongen og hans hus og alle som har makt og myndighet iblant oss. Verdssituasjonen, forfølgde

kristne rundt om i verda og andre som lir situasjonen i Syria, Irak, og Midt-Austen generelt; flyktningane; konkrete ting vi har lese og høyrte om i media; og stundom nærare og personlege bøner; familiane våre... Åshild understrekar at om ein ikkje har høve å komme, går det an å ta kontakt med nokon i gruppa, slik at ein kan be for ein situasjon der ein ønskjer det. Bøne- emna som vert tekne fram vert «verande» i gruppa og blir ikkje fortald om «på bygda». Man kan komme hvis det passer, ofte eller sjelden, man kan be høyt eller lavt eller inni seg, kort eller langt, held Jørn fram.

Underteikna vil legge til at i Hyllestad kyrkje har det ofte vore gudstenester med bønnevandring i barne- og ungdomsarbeidet. Det har vore mange fine slike samlingar, og det vil halde fram. Når det er slike gudstenester på onsdagar, vert dei som kjem på bønegruppa med på desse. Ein har no ei bønekrukke som det går an å legge lappar i, som vert boren fram i gudstenesta.

Kvifor er bøn viktig?

Anfrid: Jesus har bede oss å be. Vi trur at han høyrer når vi ber og at noko skjer når vi ber. Arbeidet i kyrkjelyden er avhengig av bøn/forbøn, at Gud leiast og er med i arbeidet Jesus bad mykje; då er det ikkje mindre viktig for oss!

Åshild: Å be er som sagt å samtale med Gud og det kan ein gjere alle stader og til alle tider på dagen. Men det er ein styrke og ei glede å få be i lag med andre kristne, difor ser eg på denne faste bønemarking i kyrkja som ei veldig viktig oppgåve. I ei mindre gruppe knyter vi relasjonar til



kvarandre, vi vert trygge og frimodige.

Jørn: *Han har gjort seg avhengig av vår bønn eller vår "tillatelse" til å gripe inn i liv og omstendigheter. Dette er så vanskelig å forstå at mange kristne ikke kan tro det, men velger å se på Gud som en som gjør ting som han vil "over hodene" på oss, og vi tror at "ja vi skal be men vi vet aldri om vi får det vi ber om". Han har sagt at ber vi etter hans vilje, har vi løfte fra ham at vi alt har fått det vi ber om:*

«Dette har eg skrive til dykk så de skal vita at de har evig liv, de som trur på namnet åt Guds Son. Og denne frimodige tilliten har vi til han: at han høyrer oss når vi bed om noko som er etter hans vilje. Og når vi veit at han høyrer oss, same kva vi bed om, då veit vi òg at vi alt har det vi har bede han om. (1. Johannes kapittel 5, vers 13-15)

Samlingane gjev styrke
Noko alle tre understrekar sterkt, er gleda desse samlingane gjev.
Åshild: Mange ting i livet

og kvardagen kan vere utfordrande, og då er det godt å kunne be.

Bibelen seier. «Vær ikkje uroleg for noko! Men legg alt de har på hjarta fram for Gud. Be og kall på han med takk.» Filipparbrevet 4,6.

Jørn: Jeg kan være sliten og trøtt etter en dag på jobben, men angrer aldri på at jeg ble med, men kjenner meg inspirert og glad for at jeg ble med også denne kvelden. Er du en som synes dette høres spennende ut så er du hjertelig velkommen!

Anfrid: Ser alltid fram til onsdag.

gen. Saknar det når eg stundom vert forhindra å vera med. Eg merkar at samlingane gjer meg godt personleg, eg går oftast heim med ein fred i sinnet, får ny kraft. "Bøn-song-samtale"-kveldane opplevest som ein oase i kvardagen for meg.

Og vi seier: Tusen takk til dei som stilte opp til intervju. Ein bedande kyrkjelyd har Guds lovnader over seg!

A.S.

Endringer i arbeidsområdet for Audun Systad

I 2015 vart sokneprest-stillinga (100%) i Hyllestad redusert til 60% stilling i Hyllestad, og inntil 40% i Nordhordland, Audun har då gjort mest teneste i Brekke desse to åra, men også i heile Gulen, og litt i Masfjorden og Solund. Sidan ein no har fått betre prestedekning i Nordhordland, vart det endringar frå 3.juli 2017. No skal Audun Systad gjere teneste i inntil 40% stilling i Sunnfjord prosti, hovudsakleg Fjaler og Askvoll. Begge stader har opplevd reduksjon i stillingar og har dobbelt så stort folketal som Hyllestad. For Hyllestad vert altså prosenten den same(60%).

Glimt frå siste del av konfirmantåret

Vi har hatt mange bilete frå konfirmantåret, og synst det er viktig!
No kjem det litt frå siste delen:

Temagudsteneste om skatten

Søndag 2.april var det tid for temagudsteneste der konfirmantane på førehand hadde funne fram bibelvers som dei hadde valt med tema om skatt.: «I Kristus ligg alle skatar av visdom og kunnskap gøymde.» (Kol. 2,2-3), «Der skatten din er, vil hjartet ditt og vere» Matt. 6,21. «Visdomen er betre enn perler, av alle skattar er ingen som ho.» Ordt. 8,11. Til bibel-versa kom det så fram fine bilete på skjermen som understreka tema. Ein fin måte å bruke Guds ord på.

I gudstenesta var det og sang av konfirmantane, med litt hjelp av Jostein og Geir mellom andre.

Elles var ikkje minst drama-stykkja talande i denne gudstenesta. Dramaet om den bortkomne sonen som kom heim. (Luk.15), vart svært innholdsrikt,. Kjekt å sjå den innlevinga dette vart framført med. Heile kyrkjerommet vart brukt! Slik sonen som kom heim og vart

møtt av ein kjærleg far, trass det han hadde gjort, er eit vakert beilete av slik Gud er mot oss. Det er evangeliet, den glade budskapen, som møter oss igjen og igjen når vi samlast til gudsteneste. Dette kom fram denne søndagen.



Innsamling til Kirkens Nødhjelp

Den 4.april var det innsamling til Kirkens Nødhjelp. Fasteaksjonen gav eit fint resultat på over 24000 kr. Takk til konfirmentar og føresette for god innsats!



Konfirmasjonsgudstenestene

Konfirmentane deltok med lesingar om konfirmentåret. I Bø og Hyllestad song Elisabeth Sowerby Dale vakkert til oss. I Øn; Kirsten og Jostein Ryland. På alle gudstenestene var det veldig kjekt å ha med Reidun Porten på blåseinstrument.



Konfirmentar Hyllestad 07.05:

Frå v.: Joachim Øen, Magne Akse, Andrine Avedal Hovland, Arlen Nissestad Gjerde og Sokneprest Audun Systad.



Konfirmentar Bø 30.04:

Frå v.: Sokneprest Audun Systad, Henrik Bosdal Nesje, Marlene Sognnes Solheim, Emma Bråstad, Linn Katrin Wolff, Haakon Vegar Giil, Jonas Ness og Raymond Mjømen.



Konfirmentar Øn 14.05:

Frå v.: Jana Grosse, Frida Solås, Anders Ulvik Fleten, Daniel Hatlem Engdal, Øyvind Mathias Hovland Siljander, Elise Systaddal Høydal og Sokneprest Audun Systad



Triveleg avslutning på konfirmantåret i hamneparken i Sørbøvåg 13.juni

Sidan Lavik hadde sommarfest på skulen, var det berre konfirmantane i Hyllestad som samlast i Hamneparken i Sørbøvåg denne kvelden. Eit par av konfirmantane var opptekne med fotballkampar, men samlinga vart fin! Det var sandvolleyball, bordtennis, og sporleik,

elles god grillmat og kaker. Kjempeheldig med veret, det regna først på dagen, men akkurat under samlinga om kvelden var det opphaldsver. Leiarane takkar for fine blommar som vart overrekt. Eit år saman med desse fine ungdomane er over!



Friluftsgudstensta i sommarfjøs på Espeland 8. juli

Med det skiftande sommarveret, er det meir enn spennande å arrangere friluftsgudsteneste. Tanken i år var å gjere ein ny vri med bål, ein laurdagskveld, ved Espelandsvatnet.

Då det var meldt mykje regn til helga, bestemte arrangementskomiteen seg for heller å satse på gudsteneste i sommarfjøset på Myrane. Liv Kirsten tilbaud det, og slik vart det.

Så skjedde det positive – mellom to regndagar kom det ein fin laurdagskveld. Men kjem det folk kl. 21?! Prest Audun har ikkje vore med på det før, og lurar på kor mange som kjem, 20? 30? Så kom det 50 menneske – i alle aldrar! I sommarfjøset er det inga dårleg lukt, det lukta

heller godt av blomar som står der fint pynta i mjølkespann! Lukt av betasuppe og kaffi, i tillegg gode kaker. Ein fin kveld, om knotten ei tid var i meste laget aktiv. Salmar til trekkspelmusikk, song av Kirsten og Jostein, eit bål som flamma opp i kvelden som tek til å mørkne. Lys i fjøset. Flott innsats av dei lokale kreftene på Espeland. På biletet ser vi Liv Kirsten, Sølvi Karin og Hege, som kan stå som representantar for fleire. Dei to konfirmantane Henriette og Thea fekk ein «flying start» på konfirmanttida med å vere kyrkjevertar og tekstlesarar! Folk frå nær og fjern kom, og betasuppa, kaffi og kaker smakte fortrefteleg. Dei vanskelege tekstane denne

helga, om det falske og det sanne livet lydde. Det er noko som er ekte og verd å satse på. Ei gammal, god bok viser oss vegen med Han som kom og vart fødd i eit fjøs, i ein stall, slik vi samlast denne kvelden!!

AS





Fin dag gav gode opplevingar på gammal kyrkjeveg

Med skiftande dagar seint i juli, kom søndag den 30, med litt skya, litt sol og perfekt turver, og 17-18 grader.

Dei som tok turen frå Solås i Skor, eller nærare bestemt inst i Gallefoss, fekk gode opplevingar, med fellesskap, fint utstyn, kjekk rastepause undervegs, opplevingar som vil vere godt å tenke tilbake på når haust-stormane kjem. Sidan Steinar Urnes hadde fått ein liten skade i kneet, gjekk Håkon Haukøy inn som kjentmann. Han hadde

nyleg merka vegen, og visste om jettegryter og berg med spesiell granatglimmerskifer å vise. Vi var ein ikkje stor, men fin flokk som vandra denne dagen, og nokre kom like frå Balestrand! Vi såg Hyllestad kyrkja der nede, før oppstiginga til Torgeirsletta, den måtte me ha med. Når utsynet til Alden og havet opna seg, var det mange godord å høyre. Men vi snakka og om den tunge vegen dei måtte ha hatt på kyrkjeveg i gammal tid. Ufatteleg strabasiøst måtte det

vere. Ei historie som er viktig og minnst.

Vel framme i Øn kapell, var det Andreas Ester som tala til oss om Olsok og Olav den Heilage, om kveitekorntet som må falle i jorda og døy, slik at det kan bli rik grøde, slik det var for Jesus Kristus, som gav seg sjølv for oss. Håkon Giil var klokkar, og Erling Akse spela. Flott var det og at Elisabeth Sowerby Dale song til oss, denne gongen viser av Erik By sine skattar.

A.S.



Web-pastoren, Asbjørn Kvalbein, til Hyllestad laurdag 9. september kl. 15.00

Vi er svært glade for at web-pastoren, eller Norea-pastoren, Asbjørn Kvalbein, kjem til Hyllestad helga 8.-10-september. Fredag kveld kl.19 vert han med på ungdomsklubb i Hyllestad kyrkje, og søndag kl.11 talar han på gudstenesta der, også med presentasjon av nye konfirantar.

Lørdag 9. sept. kl.15:

Temasamling i Hyllestad kyrkje. «Norea Mediemisjon sitt arbeid for å nå dei unådde folkeslaga – i Midt-Austen, Nord-Korea og Kina. Dagsaktuelt utblikk». Kaffi og kaker. Ekstra vel møtt også til kyrkjelydar og

forsamlingar omkring. Sjølv om alderen skulle tilseie pensjonstilvære (73), er Asbjørn Kvalbein framleis aktiv med oppdrag landet rundt. Denne helga kjem han som representant for Norea Mediemisjon. Han har mastergrad i teologi og kommunikasjon, har vore redaktør for misjonsbladet Utsyn, rektor ved Gimlekollen Mediesenter og forlagssjef i Lunde forlag. Dessutan skrive litt over 20 bøker. Norea Mediemisjon vart starta i 1956, då under namnet Norea Radio. I dag nyttar ein både radio, TV, internett og



mobiltelefon, til å formidle evangeliet og kristne verdier heime og ute. På heile 35 språk går dette ut. Dei har og eiga internettkyrkje; , iKirken.no. Superblink – barnas medieklubb vert drive i samarbeid med NLM og Indremisjonsforbundet.

Kyrkjelydsbasar søndag 1. okt. 2017, 10 års-jubileum

I år er det 10-års-jubileum for kyrkjelydsbasaren! Basarbok er allereie på vandring rundt om i kommunen, so ta vel imot loddseljarane og kjøp rikeleg med lodd. Inntekta går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. I tillegg til loddbøker, vert det åresal på basaren. Dei siste åra har

vi hatt basaren i Hyllestad kyrkje. Det vart eit svært vellukka byte, i høve til å vera i fleirbrukshuset som vi nytta dei fyrste åra. Det vert aller fyrst ei kort liturgisk opning. Det vert som vanleg, godt program, ei triveleg og god matykt og flotte vinstar – men vi er og takksame for endå fleire.

Vel møtt til basar i Hyllestad Kyrkje **søndag 1.okt. kl.15:00** Har du lyst å bidra med vinstar til basaren, kan det leverast til: Reidun's Blomster i Leirvik senter, Kyrkjekontoret, Marion Brendehaug (tlf.: 97 54 21 19), eller til loddseljarane.

Arr Hyllestad Sokneråd



Hyllestad kyrkje – søndag 29. oktober kl. 15.00

**Per Sævik: «HAUGIANSK PÅVERKNAD I
SAMFUNNET GJENNOM 200 ÅR»
SONG AV FJORDKLING. MATØKT .**

*Arr: Hyllestad sokneråd
Hyllestad folkeakedemi*

Vi vonar mange finn vegen til Hyllestad kyrkje denne søndagen. Det er ei stor glede å kunne ønskje skipsreiar Per Sævik velkommen til Hyllestad denne hausten, når reformasjonsjubileet (500 år) vert markert. Sævik vil spesielt ta for seg dei 200 siste åra, og det som skjedde i landet vårt med Hans Nielsen Hauge. Sævik er ein av dei som er med og skipar seminar om dette, og er klar på at den haugianske arven er svært viktig for han i det arbeidet han står i.

Sjølv bur han og kona framleis i eit husbankhus frå 70-talet i Fosnavåg. –« For meg er gullet godt når det vert forvalta på ein god måte», fortel Per Sævik i boka *Gründere bygger Norge*. Det er tankar om dette vi vil få høyre meir om 29.oktober.

At Havyard er hjørnesteinsbedrifta i Hyllestad kommune vil og naturleg nok bli nemnt, for den har heilt frå skipinga med Løland verft



vore viktig for kommunen. I ein mail skriv Sævik: «det er også naturleg at eg seier noko om denne arbeidsplassen som vi har ansvaret for i Hyllestad kommune.»

Sjølv om Sævik no har runda 76 år, er han framleis svært aktiv, då i dag i Havila Shipping, som vart børsnotert i 2005. Elles har han ein CV som rommar ei tid som stortingsrepresentant, president i Norges Rederiforbund og ordførar i Herøy. Kongen utnemnde i 2012 Sævik til ridder av 1. klasse av St. Olavs Orden «for hans innsats for skipsfartsnæringen.»

Haustdagar på Alværa

Dei årlege haustdagane på Alværa Misjonssenter vert avvikla 5-.-7. september. Det er dagar med bibeltimar, fellesskap, misjonssamling m/ misjonsbasar, kveldsbøn, god mat og mykje prat. Har du lyst og høve kan du også få vere med på «haustonna» på Alværa. Luking, klipping av hekk og rydding av kratt er oppgåver som ventar. Det er høve til å vere med på deler av arrangementet. Vertskap for haustdagane er Olav Hellebø og Toril Lange. Pris for heile arrangementet: kr. 1200,- m/ dugnad og kr. 1700,- utan dugnad. Påmelding til haustdagane(også einskildmåltid) til Alværa 48990661 innan 31. august.



Ein fornøgd dugnadsgjeng på haustdagane 2016.

Maria og Elias, velkommen til Alværa!

I midten av mars kom familien Zimmermann Espeseth flyttande til Lavik og Alværa. Elias vart tilsett som dagleg leiar ved Misjonscenteret. Den fyrste tida var dei installert i ei av hyttene til Alværa. No bur dei i kjellar-husveret i styrarbustaden, og dei håper å vere vel installert i hovudetasjen i styrarbustaden så snart som råd. Med på flyttelasset var kona Maria og dei to borna deira, Samuel Ángel(2½ år) og Noomi Aurora (9mnd).

Eg stikk innom ein føremiddag i byrjinga av juni for å bli litt meir kjent med dei.



Familien Zimmermann Espeseth (Foto. I.A Frøyen)

Først vil eg gjerne vite litt meir om kven dei er.

Elias er frå ei lita bygd som heiter Bøe i Herøy kommune på Sunnmøre. Maria har barndomen nordpå og ungdommen i Østfold – noko vi høyrer på dialekta. Dei siste 9-12 åra har dei budd i Bergen. Elias har studert sosiologi, medan Maria er utdanna lærar/kyrkjelydspedagog.

- Kvifor flytta de frå Bergen til Alværa?

Maria har vore på leir på Alværa for ein del år sidan. Då ho studerte på NLA hadde ho praksis i NMSU i Bjørgvin. Det var i den samanhengen at ho var på Alværa. Elles har Maria NMS bakgrunn. Ho har vore mykje på NMS-leirar på Solsetra ved Drammen. Men det er litt tilfeldig at vi er her no. Eg kom over ei annonse om ledig stilling som dagleg leiar. Det er ikkje så lett å få jobb i Bergen, så då eg syns at stillingsomtalen såg spennande ut, valde eg å søkje. Det såg ut

til å vere varierte oppgåver – ei fin blanding av administrasjon og dagleg drift.

- Ja, og er det slik du tenkte det?

- Det har vore varierte oppgåver – førebuing til og vasking og rydding etter arrangement, matlaging, rydding ute og administrasjon. Sidan vi kom har det vore m.a. 2 konfirmasjons-selskap, leir, konfirmantweekend, Alværastemnet og barnehage-besøk. Dei neste vekene skal det vere middag for bussreise, storfamiliesamling for ein familie som samlast årleg på Alværa i pinsa og helga etter er det familieleir med over 60 deltakarar.

- Eg har brukt ein del tid på bli kjent på staden, både ute og inne og å sette meg inn i ting.

- Når du har rusla litt rundt, både ute og inne, har du kanskje gjort deg opp nokre tankar om kva som bør gjerast

og korleis du vil ha det?

- Gjengroing er eit problem på Alværa som alle andre stader. Det må ryddast ein del. Då er det flott at det no er tilsett vaktmeister i fast stilling, sjølv om den ikkje er meir enn 20%. Det er fint med ein driftig og arbeidssam vaktmeister som Ole Henning Kjørås. (Ole Henning er oppvaksten på Lavikdalen) Det har og vore fleire innom på dugnad her og har du tid og lyst å stikke innom så er det nok av oppgåver å ta fatt på. Men ta gjerne kontakt på førehand.

Vi har små barn og ser det også litt frå deira ståstad. Ei god sandkasse og nokre leikestativ vil gjere uteområdet straks meir barnevenleg. Noko er lett å få til, andre ting krev meir arbeid og pengar.

- Har du nokre tankar om vegen vidare for Alværa?

- I tillegg til uteområdet, så bør vi prøve å få meir aktivitet på

Fin dag på Alværa Misjonssenter

Ein dag med godt fellesskap, inspirerende utlegging av bibeltekst, mykje fin song og musikk, innblikk i livet til kristne studentar frå Kina, god mat og triveleg miljø. Slik opplevde eg Alværa stemnet 21. mai. Dette er eit årvisst arrangement som passar for alle aldersgrupper. Kanskje du vil bli med neste år? Alværa er ei perle ved Sognefjorden.

Sissel Sørebo



Sokneprest i Åsane, Arne Mullen, var ivrig deltakar og leiar på leir i ungdommen.

Foto: Ingvald A. Frøyen

kvardagar. Mange helger er opptatt, men på vekedagar er det lite som skjer.

Om sommaren er hyttene mykje utleigd, medan senteret er stort sett stengt. Kva vi kan gjere med den ledige kapasiteten i juli og første halvdel av august, må vi drøfte vidare.

- Maria, korleis er det for deg å bu på Alværa?

- Det er til tider stille her, litt for stille. Eg har hjelpt Elias når det har vore mykje aktivitet på Senteret. Eg skal også vere heime med Noomi Aurora neste skuleår. Deretter får eg sjå kva det vert til. Kanskje kan eg få noko jobb på skulen. Eg liker godt å sy og strikke. Eg har ei lita strikke- og syverksemd som eg håpar å få meir liv i. (Vakre Fullmåne heiter verksemda). Elles så ser eg fram til at Samuel Ángel skal begynne i barnehagen til hausten. Då vil det bli lettare å bli kjent i Lavik.

Når eg spør om fritidsaktivitetar, svarer begge at dei er glad i å lage mat. Begge liker å sparke fotball og å lese når dei har tid til det. Maria er og glad i musikk og spelar piano. Vi ønskjer Maria, Elias og borna deira velkomne til Alværa og til Lavik og oppmodar alle til å ta vel imot dei.

Toril Lange

Temagudstenester i samband med reformasjonsjubileet

Som ein del av reformasjonsmarkeringa, er det for alle sokn i landet sett av fire søndagar til temagudstenester denne hausten. Kyrkjelydar som ikkje har gudstenester kvar søndag, og som ikkje har høve å gjennomføre alle, må sjølve finne ut kva for nokre gudstenester dei ønskjer å ha. Dette opplyser Bjørgvin bispedøme.

I skrivande stund er det i Hyllestad ikkje heilt fastsett kor mange ein vil gjennomføre, men når bladet kjem ut, kan vi ha gjennomført den første. Det kjem meir info på facebook og i gudstenestelister.

Her er oversynet over tema og datoar som er føreslegne:

- 27.august: Tema: Nåden åleine. Preiketekst: Ef.2,1-10
- 17.september: Tema: Skaparverket er ikkje til sals. Preiketekst: Mtt.7, 24-28
- 15.oktober: Tema: Frelsa er ikkje til sals. Preiketekst: Luk.20, 45-21,4
- 19.november: Tema: Menneske er ikkje til sals. Preiketekst: Matt.18,1-6, 10-14

«Tesda» i slottskyrkja i Wittenberg, er ein viktig attraksjon og eit samlingspunkt i samband med markeringa av Reformasjonsdagen 31.oktober. Det er då 500 år sidan Luther sette opp dei 95 tesene m.a. mot avlatshandel mm. Den opphavlege kyrkjedøra som var av tre, vart rett nok brend i 1760 under sjuårs-krigen. I 1857 vart det laga ei ny dør, og då vart dei 95 tesene like godt støypt inn i sjølve døra. Bilete er teke hausten 2016 frå ein studietur til Wittenberg, der Audun Systad fekk delta.



Det skjer på Alværa

29.sept. – 1. okt. NMS U Knøtteleir, 0-10 år saman med vaksne. Påm.frist 16.sept.

9. – 11. okt. NMS U Haustleir, 2. – 6. klasse. Påm.frist 25.sept.

27. – 29. okt. NMS U Medialeir. Påm.frist 13.okt.

For nærare info og påmelding fylg linken: <https://nmsu.no/> region Bjørgvin, eller kontakt Alværa Misjonssenter på tlf.: 489 90 661

Minikonf 2017, Hyllestad

Ein flott, ivrig og livlig gjeng med 5. klassingar var minikonfirmantar i vinter/vår. Høgdepunktet var nok minikonfirmantleiren på Alværa i mars, der dei møtte

minikonfirmantar frå Solund og Høyanger. Takk til Magne Akse som gjorde ein god jobb som ungdomsleiar på leiren. På familiegudstenesta 23. april var minikonfirmantane

medliturgar. Då fekk dei også diplom for deltaking på «minikonfirmant 2017.»

T.L.



Ungdomsklubben SOLUTION hausten 2017

Ungdomsklubben Solution startar opp igjen med samlingar annakvar fredag frå 25. august. Vi møtast i Hyllestad kyrkje kl. 19.00 og held på til ca. kl. 22.00. Klubben si primære målgruppe er ungdommar frå 13 til 18 år, men du er sjølvsagt hjarteleg velkommen om du er over 18 år også. Vi har det svært kjekt i lag, og eit normalt fredagsprogram består i:

- Samlingsstund
- Lovsong og musikk
- Andakt og vitnesbyrd
- Leik, spel og konkurransar
- Servering av «fredags-snacks»

Alle samlingar vert annonsert via facebook sida vår «Ungdomsklubb Solution Hyllestad» og ulike oppslag. Om det er nokon som treng hjelp til å komme seg til Hyllestad fredag kveld så kan dei ta kontakt via Facebook gruppa eller på sms direkte til Jostein (99281401) eller Kirsten (91644829), så gjer vi kva vi kan for å hjelpe dykk med skyss fram og tilbake.

Velkommen





Base Camp 2017 - 6.-8. oktober

I haust er det klart for den tredje Base Camp-helga i rekka. Frå fredag 6. til søndag 8. oktober inviterer ungdomsklubben Solution Hyllestad, i lag med Solution Askøy, til ei ny ungdomshelg i Hyllestad. I år vert Maria Oftedal med som andaktshaldar heile helga, og vi har engasjert Bergen si store lovsong gruppe, Radiate Worship, til å stå for musikk og lovsong under heile arrangementet. I år som tidlegare, vert det open samling i Hyllestad kyrkje fredag kveld, og gudsteneste på søndag, medan dei som melder seg på til heile helga får inkludert kost og losji, samt delta på aktivitetsdag laurdag i Kvernsteinsparken, og blir med på stor lovsongsfest laurdag kveld i Hyllestad kyrkje. Dette blir ei fantastisk helg med mykje moro, leik og alvor, og ei oppleving som skapar minner og venskap livet ut.

Følg med oss på www.hyllestd.kyrkja.no og på vår Facebook side facebook.com/basecamphyllestad

Pris enkeltperson for heile helga inkludert overnatting og alle måltid er kr. 500,-.

Radiate Worship
Maria Oftedal



Gaither kveld i Hyllestad kyrkje

Sundag den 12. november inviterer Kirsten og Jostein Ryland til Gaither kveld i Hyllestad kyrkje, med start kl. 19.00. Arrangementet vert meir utfyllande annonsert seinare, men dette blir ein kveld med mykje song og musikk, godt i speidd med tankar og ord inspirert av Bill og Gloria Gaither sitt store og livslange arbeid innan Gospel

musikk. Vi ynskjer å gje dykk eit innblikk i deira mange songskattar, historia bak nokre av songane, og også kva desse to flotte menneska har betydd for kristen song og musikk over heile verda. I overkant av 100 videoar med flott musikk og song, frå konsertar og studieopptak, har dei gitt ut sidan den fyrste «Homecoming» video i 1991. Vi syng både

kjende og mindre kjende songar denne kvelden, og mange også oversett til norsk tekst.

Vi vonar at du finn å ta turen til Hyllestad kyrkje denne kvelden og bli med oss å dele songskattar som vi er blitt svært så glade i.

Helsing Kirsten og Jostein Ryland



Sunnfjord Gravferdsbyrå



*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsteretget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr
år) med annonser til fylgjande
prisar:

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr.år

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggingsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



HAVYARD

Improving life at sea



Hyllestad

ÅPEN 09-19 (16)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Bygghmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no og på facebook

10.sept:	Hyllestad	kl. 11:00, Konf.pres. Offer til Norea Mediemisjon
17.sept:	Hyllestad	kl. 17:00.Utdeling 4-årsbok, offer til Trusopplæringsarbeidet
24.sept:	Øn	kl. 11:00, Offer til Sjømannskyrkja
27.sept:	Hyllestad	kl. 19:30 (onsdag): Kvardagsgudsteneste. Ungdom deltek, Offer til Alværa Misjonssenter.
1.okt:	Hyllestad	kl. 15:00. Kyrkjelydsbasar m. liturgisk opning, Sjå omtale i bladet.
8.okt:	Hyllestad	kl. 11:00 . Ungdomsgudsteneste i samband med Base Camp, Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.
22. okt:	Bø	kl. 11:00 , Offer til «Leve»
29.okt:	Hyllestad	kl. 15:00. Arr. I samband med reformasjonsjubileet. Per Sævik - Fjordklang tek del. (arr. I samarbeid m. Hyllestad folkeakedemi)
5. nov: (Helgem.s.)	Hyllestad	kl. 16:00. Vi minnst dei døde, Offer til kyrkjelydsarbeidet
8.nov:	Hyllestad	kl.19:30 (onsdag). Kvardagsgudsteneste. Ungdom deltek, Offer til Stefanusalliansen
12. nov:	Hyllestad	kl 19:00 Gaither-kveld, Ryland med vener, Sjå omtale i bladet
19.nov:	Hyllestad	kl. 11:00, 5 og 6-åringar særskilte innbedne. Offer til trusopplæringsarbeidet
26.nov:	Øn	kl. 11:00 Offer til Israelsmisjonen
3.des:	Hyllestad	kl. 19:00. Lysmesse, Offer til Barne- og ungdomsarbeidet
17.des:	Eikl. oms.s.	kl. 11:30
	Hyllestad	kl. 19:00 Julekonsert
24.des:	Øn	kl. 14:00 Offer til Kirkens Nødhjep
	Bø	kl. 16:00 Offer til Kirkens Nødhjep
25.des:	Hyllestad	kl. 12:00 Offer til Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt; NMS i Mali

Glede og Sorg

Døyppte:

Hyllestad: Jonathan Elias Atterås Grimelid
Tomine Sjølingstad Borlaug
Emilian Lillehaug Thorsnes
Georg Tveito

Bø: Emilian Koyuncu Dale

Vigde:

Øn: Anette Tonning Wichstrøm og
Kristoffer Danielsen

Gravlagde:


Hyllestad: Elsa Beate Berge f. 1919
Inga Oline Eide f. 1930
Øn: Olav Johan Norheim f. 1927

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det
som skjer i kyrkjelyden –
Lik Kyrkja i Hyllestad på
Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på
helge- og høgtids-dagar er det
alltid ein prest i prostiet med
beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om
ein har bruk for prestetenester
som ikkje kan vente, t.d. ved
dødsbod, soknebod for døy-
ande eller i andre kritiske
situasjonar. Telefonnummer
til vakttelefonen er
95483152



Innhogging av nye namn og oppfrisking
av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med
ein som kjem vår og haust og gjer slikt
arbeid.

Ta gjerne kontakt på
tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no